

Kultur og Kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref:  
2003/04000 ME/ME3 ASK:elt

Dato:  
04.03.2004

#### HØYRINGSFRÅSEGN - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I KRINGKASTINGSLOVA

Kringkastingsringen støttar Kultur- og kyrkjedepartementet sitt framlegg om å styrkja sanksjonsmidlane ovanfor kringkastarane. Dette er viktig for å sikra at kringkastarane følgjer opp kringkastingslova og konsesjonspliktene. Det er i denne samanhengen framlegget om tvangsmulkt me vil knyta nokre merknader til.

Kringkastingsringen er ein organisasjon som arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i norsk allmennkringkasting og media elles. I konsesjonane til TV2, P4 og Kanal24 heiter det at sendingane skal medverka til å styrkja norsk språk, identitet og kultur. I tillegg er det krav om sendingar på samisk.

I rapporten frå Allmennkringkastingsrådet for 2002, kjem det fram at P4 har heile 88,3 prosent austnorske dialektar i sendingane sine. Berre 0,1 prosent av taleinnsлага er på samisk. Når det gjeld TV2 er inntrykket til rådet at spreinga på dialektar og målformer er god, men dei etterlyser ein målstatistikk frå TV2. I krava til NRK heiter det at minst 25 prosent av ordsendingane skal vera på nynorsk. I 2002 var det berre 17,4 prosent nynorsk.

Det er vår oppfatning at kringkastarane ikkje tek nok omsyn til kravet om å styrkja norsk språk, identitet og kultur. Særleg gjeld dette bruken av nynorsk, noko som Allmennkringkastingsrådet har påpeikt i ei årrekkje. I følgje departementet er intensjonen bak framlegget om tvangsmulkt å sikra kringkastarane rettar seg etter konsesjonsvilkåra. Me reknar difor med at dette også omfattar det språklege ansvaret kringkastarane er tildelt. Det vil verta opp til styresmaktene å finna eit brukande grunnlag for å vurdere korleis kringkastarane etterlever denne språklege plikta.

Med helsing  
Kringkastingsringen

Unn Aarrestad /sign/  
Styreleiar

Tormod Strømme  
dagleg leiar